

# Planarbeid for Førdepakken

Førde kommune i samarbeid med Statens vegvesen melder oppstart på arbeid med detaljreguleringsplan for mange av tiltaka i Førdepakken. Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til planarbeida innan 5. februar 2016.


**Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til:** Førde kommune, Byggesak og arealforvaltning, Postboks 338, 6802 Førde, eller e-post til [postmottak@forde.kommune.no](mailto:postmottak@forde.kommune.no).

**Vi vil halde eit ope orienteringsmøte den 19. januar 2016 kl. 19.00 på Førdehuset, Festsalen.**

**For spørsmål om planarbeidet kan de ta kontakt med Førde kommune:** Arve Seger, 57 61 27 19 / 480 22 626 eller [arve.seger@forde.kommune.no](mailto:arve.seger@forde.kommune.no). **Kontaktperson i Statens vegvesen:** Ingar Hals, 57 65 57 79 / 974 73 361 eller [ingar.hals@vegvesen.no](mailto:ingar.hals@vegvesen.no)



**Førdepakken**



## 1 Tiltak 3 og 4 - E39 Hafstadvegen på Hafstadflata

Formål med planarbeidet er å regulere to kanaliserte kryss på E39 og gang- og sykkelfelt nord for E39.

## 2 Tiltak 8 - Naustdyna - Storehagen

Formål med planarbeidet er å regulere ei gang- og sykkelbru over Jølstra.

## 3 Tiltak 9 - Fv. 481 Storehagen - Angedalsvegen

Formål med planarbeidet er å regulere sykkelfelt langs Storehagen/Angedalsvegen frå Naustdalsvegen til møte med ny bru over Jølstra til Hafstad bydel ved Førdehuset.

## 4 Tiltak 10 og 11 - Gang-/sykkelfelt fra Hafstadreina til Vievegen/Kronborgvegen (fv. 484)

Formål med planarbeidet er å regulere ein gang-/sykkelfelt frå Hafstadreina og Hafstadbarken til Vievegen/Kronborgvegen.

## 5 Tiltak 12 - Indre Øyrane

Formål med planarbeidet er å regulere eit nytt vefsamband med sykkelfelt og fortau frå Langebruvegen til Naustdalsvegen over Løken.

## 6 Tiltak 13 - E39 Halbrendslia fra Liavegen til Skjæret

### gang- og sykkelfelt

Formål med planarbeidet er å regulere gang- / sykkelfelt langs E39 Halbrendslia frå Liavegen og ned til Skjæret med undergang under E39 ned til Skjæret.

## 7 Tiltak 14 - E39 Fjellvegen/Hafstadvegen

Formål med planarbeidet er å legge betre til rette for syklistar og gåande langs E39.

## 8 Tiltak 15 - Fv. 481 Angedalsvegen til Prestefoss bru

Formål med planarbeidet er å regulere sykkelfelt på begge sider av Angedalsvegen, samt fortau på innsida, frå kryss med planlagd bru over Jølstra ved Førdehuset til Prestefoss bru på Vievegen.

## 9 Tiltak 16 og 18 - Gang- og sykkelsamband frå Naustdalsvegen til Angedalsvegen/Førdehuset

Formål med planarbeidet er å legge til rette for eit samband for gåande og syklande.

## 10 Tiltak 17 - Rv. 5 Klettatunnelen

Formål med planarbeidet er å regulere ein gang- og sykkeltunnel på eine sida av rv. 5 attmed Klettatunnelen.

## 11 Tiltak 19 - Fv. 481 Angedalsvegen frå Prestefoss bru

Formål med planarbeidet er å legge betre til rette for sykling og gående langs Angedalsvegen frå kryss ved Prestefoss bru på Vievegen opp til Skora på heile eller berre delar av strekninga.

For nærmare opplysningar om planarbeidet og tiltaka sjå [vegvesen.no/fordepakken](http://vegvesen.no/fordepakken)



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Førde kommune



Statens vegvesen